



Anbjørn Høivik overtek styringa

Som varsla på førehand tek Anbjørn Høivik over som formann i grunn- og elveeigarlaget etter Johannes Feet. Det var årsmøte ikveld og 9 av dei 42 medlemmene møtte. Ellers i styret sit no Frode Stensletten, Tor Jarle Kjærland, Andreas Kristoffersen og Johannes Feet. Årsmøtet var relativt ustrukturert og bar preg av lite førebuing. Til dømes mangla rekneskapen opplysning om inntekter og vart ikkje godkjent. Årsmøtet vedtok også mellom anna at styret må ta kontakt med Idrift og få på plass eit nytt opplegg for kortsal og rapportering. Positivt var det derimot at fangsten i fjor vart begrensa til 84 kilo gjennom strenge reglar som vert gjort gjeldande også for dette året. Sesongen startar 15. juni og varar til 15. september. Oppsynet vil Asbjørn Rød og Knut Inge Eidsvik ta seg av

Siste året har det vore hovudfokus på begrensning av fisket og det vart suksess med tiltaka for begrensning både for laks og aure. Dei resultatata som Unimiljø har lagt fram talar for seg sjølv. Gytefisktellingane viser 279 sjøaure, 227 villaks og 23 rømte oppdrettslaks, Den avtroppande formann slo fast at mykje er oppnådd førebels.

Før neste sesong bør det ryddast bort plast som ligg langs elva på heile strekningen frå skulebrua til Musland og styret tek seg av dette. Korleis dette skal leggjast opp var ikkje heilt klårt, men for nokre år sidan var det eit samarbeid med idrettslaget om opprydding.

Det vart retta tildels sterk kritikk mot styret for manglande styring og det vart sagt at det har vorte verre og verre. Til dømes kunne ingen opplysa om kortsalet i fjor. og heimesida vart også trukke fram som mangelfull.

På den andre sida vart det minna om at fisketilhøva vart betre då fisket var over!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen